



Møteprotokoll

Utval	Eldrerådet
Møtestad	Rådhuset
Dato	16.03.2026
Tidspunkt	kl 09:30 - 12:30

Frammøtte

Alf Henning Evjestad

Inger Beate Dalheim

Jan Kåre Norberg

Liv Helen Nystuen

Marta Marie Bukve

Sigfred Haugen

Geir Arve Sandvik

Observatør

Forfall

Arne Midtun

Varamedlem

Astrid Martinsen

Andre som møtte:

I fellesdelen saman med rådet for personar med funksjonsnedsetting:

Kommunedirektør Jon Bolstad, sekretariatet v/Anita Bjørk Ruud, Mona Jacobsen i deler av møtet.

Kommunalsjef John Olaf Røhme, prosjektleiar Kjell Olav Bondevik, tenesteleiar Kari Olseng Paulsen, kommunalsjef Knut Åge Teigen, plansjef Knut Vidar Svanheld og prosjektmedarbeider folkehelse Helga Garborg Sie

I eldrerådet sitt møte:

Sekretariatet v/Anita Bjørk Ruud

Underskrifter:

Jan Kåre Norberg
leiar i eldrerådet

Alf Henning Evjestad

Sigfred Haugen

Saksliste

Saknr	Sakstittel
10/26	Konstituering av møte
11/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
12/26	Orienteringar, drøftingar og open post
13/26	Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 - 2030
14/26	Kommuneplanen sin arealdel - handsaming i råda
15/26	Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda
16/26	Detaljregulering for Salen i Gaupne. Handsaming i råda
17/26	Referatsaker

10/26 Konstituering av møte

Eldrerådet 16.03.2026

Handsaming

- Opprop, *forfall Arne Midtun, vara Astrid Martinsen.*
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad.*
- Godkjenning av sakliste, *Saklista vart godkjent med den endring at sak om kommuneplanen sin arealdel vert utsett til neste møte. Ingen merknad.*
- Sigfred Haugen og Alf Henning Evjestad vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. *Dei vart samrøystes valde.*

ELD - 10/26 vedtak

Sigfred Haugen og Alf Henning Evjestad vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

11/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Eldrerådet 16.03.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

ELD - 11/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 26.01.26 vert referert utan merknader.

12/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Eldrerådet 16.03.2026

Handsaming

Orientering:

- Kommunedirektør informerte om folketal. Vidare om prosjektmidlar utgreiingsoppgåve ressurskrevjande tenester, og samfunnstryggleik og beredskap, Jostedal samfunnshus, rådhus, sjå vedlagde fellespresentasjon.
- Status helse og omsorg 2030, v/John Olaf Røhme og Kjell Olav Bondevik, sjå informasjon i vedlagde fellespresentasjon og Bondevik sin presentasjon om kvalitet.
- Informasjon frå omsorgstenesta v/Kari Olseng Paulsen, sjå vedlagde presentasjon.
- Den kulturelle spaserstokken v/Knut Åge Teigen, om tilskotsordninga og samarbeid med folkeakademiet, sjå informasjon i vedlagde fellespresentasjon.
- Reguleringsplan Salen, v/Knut Vidar Svanheld sjå vedlagde planinformasjon i fellespresentasjonen.
- Områdeplan Hafslo, v/Knut Vidar Svanheld sjå vedlagde planinformasjon i fellespresentasjonen.
- KPA, kommuneplanen sin arealdel, informasjonen vart vedteke utsett til neste møte den 11. mai.
- Ungdomsklubbane og status digital opplæring, informasjon ved Helga Garborg Sie og dialog om korleis få til best mogleg inkludering på ungdomsklubbane.

Orientering/drøfting i eldrerådet:

Fylkeseldrerådet i Vestland oppmodar om at me legg fram protokollar frå deira møte for vårt lokalet eldreråd.

- Protokoll fylkeseldrerådet 20.01 og 10.02.26. Sjå vedlegg. Fylkeseldrerådet 04.03.26. Utvalsmøte. Protokollen er også vedlagt.
- Me veit førebels ikkje dato for regionmøte i Årdal. Dei jobbar med å få til regionmøte i mai.
- Eldredag, Mary Aasen sin førespurnad om underhaldning. Eldrerådet drøfta tilbodet, og vil melde tilbake at dei ynskjer underhaldning av Glimmer duo.
- Demensvenlege samfunn. Inger Beate Dalheim informerer frå 2 møte. Inger Beate Dalheim informerer frå 2 møte i gruppa ho har delteke. Ho kan melde at Luster eldreråd ynskjer informasjon frå Anne Grete F Bergum.
- Leiar i Luster pensjonistforbund er no Malvin Moen. Det er han som må bli invitert til eldrerådet sine møte.

ELD - 12/26 vedtak

Administrasjonen føl opp drøftingane i møtet.

13/26 Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 - 2030

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret vedtek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 – 2030* (alkh.lova §1-7 d).
2. Luster kommunestyre vedtek *Ruspolitiske retningslinjer* gjeldande frå 19.03.2026 – 19.03.2030.
3. Sals- og skjenkeløyve for verksemder som har generelt løyve vert vidareført til 19. mars 2030.
4. Tiltak vert vurderte i budsjett- og økonomiplansamanheng, samt at mål og strategiar må synleggjerast i tilgrensande planar ved rullering.

Eldrerådet 16.03.2026

Handsaming

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

ELD - 13/26 vedtak

Eldrerådet har ikkje merknad til framlagde rusmiddelpolitisk handlingsplan eller ruspolitiske retningslinjer.

14/26 Kommuneplanen sin arealdel - handsaming i råda

Kommunedirektøren si tilråding:

Eldrerådet / rådet for personar med funksjonsnedsetting / ungdommen sitt kommunestyre har følgjande uttale til kommuneplanen sin arealdel:

Eldrerådet 16.03.2026

Handsaming

Administrasjonen vil orientere nærare i neste møte i råda.
Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

ELD - 14/26 vedtak

Saka vert utsett til neste møte i eldrerådet.

15/26 Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda

Kommunedirektøren si tilråding:

Eldrerådet/rådet for personar med funksjonsnedsetting/Ungdommen sitt kommunestyre har følgjande uttale til saka:

Eldrerådet 16.03.2026

Handsaming

Administrasjonen informerte i fellesdelen av møtet.

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

ELD - 15/26 vedtak

Eldrerådet har pr. i dag ikkje merknad til planen.

Saka vert sett opp att på saklista til neste møte i eldrerådet, når den er utlagt til offentleg ettersyn og det er illustrert korleis ein eventuell fotballhall blir i området ved Hafslovatnet.

16/26 Detaljregulering for Salen i Gaupne. Handsaming i råda

Kommunedirektøren si tilråding:

Eldrerådet / Rådet for personar med funksjonsnedsetting/UK har følgjande uttale til detaljregulering for Salen i Gaupne:

Eldrerådet 16.03.2026

Handsaming

Administrasjonen informerte i fellesdelen av møtet.

Framlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

ELD - 16/26 vedtak

Eldrerådet har ikkje merknad til planframlegget.

17/26 Referatsaker

Eldrerådet 16.03.2026

Handsaming

Eldrerådet hadde ikkje merknad/spørsmål til framlagde referatsak.

ELD - 17/26 vedtak

Referatsaker vert teke til orientering.